



«Heime-aleine-fest»

Ei novelle av Terje Torkildsen, del to

Lytteoppdrag – «Heime-aleine-fest», del to

a) Høyr gjennom lydfila ein gong.
Konsentrer deg om å lytte godt.

b) Den andre gongen du høyrer
tekstutdraget, skal du skrive ned så
mange detaljar frå teksten som
mogleg.

To og to: Samanlikn notata dykkar
og fyll dei ut for kvarandre.



c) **To og to:** Les tekstutdraget
høgt for kvarandre og diskuter
spørsmåla på neste side.

Samanlikn tekstutdraga

Ufordinng: Kva slags norskfaglege omgrep kan de bruke når de samanliknar tekstutdraga?

1) Kva er likt og ulikt i tekstutdraget de sjølve har skrive, og Terje Torkildsen sitt? Stikkord: handlingsgang, skrivemåte, bruk av verkemiddel, osb. Hugs å grunngje synspunkta dykkar.

2) Var det noko de vart overraska over i Torkildsen sitt utdrag? Kvifor/kvifor ikkje?

3) Korleis likte de utdraget til Torkildsen samanlikna med dykkar eige utdrag?

Slik slutta det siste avsnittet i novelleutdraget:

Det tek ei stund før han klarer å finna vegen til innerlomma på dressjakka mellom alle laga med isolerande tekstil. Steffen fiskar fram mobilen og set han på lydlaust før han kikkar på skjermen.

– What?

A close-up photograph of a person's hands typing on a dark-colored laptop keyboard. The laptop screen is visible on the left, showing some blurred content. The background is slightly out of focus, showing what appears to be a window or a bright area.

Skriveoppdraget

To og to saman: De skal no skrive vidare på novella. Det treng ikkje å vere så langt, ca. 150–200 ord. Seinare i veka skal de formidle teksten gjennom levande biletet og musikk. De skal ikkje avslutte novella, men skrive den andre av tre delar ferdig.

Tekstskapingsoppdrag – del to


1) Samskriv vidare på novella av Terje Torkildsen. Før de startar å skrive, må de diskutere kva de vil skal skje i forteljinga. Teksten de skriv, skal de byggje opp mot ein spenningstopp/eit vendepunkt. Forteljinga skal de avslutte rett før det overraskande vendepunktet.

Forteljegrep

Før de tek stilling til støttespørsmåla under, er det lurt å slå opp i norskboka og gjere dykk kjende med omgrepa.

- Korleis vil de formidle kjenslene og tankane til hovudpersonane?
- Korleis skape ei indre spenning?
- Korleis kan de vise, men ikkje seie?

- Korleis kan de avslutte tekstutdraget på ein spennande måte slik at lesaren får lyst til å lese/sjå vidare?



Når de er ferdige med å skrive den andre tekstdelen, skal de formidle han gjennom levande biletet/dramatisering/musikk. Sjå døme på korleis de kan gjere det [her](#), eller bruk dykkar eigne videosnuttar som døme.

Å formidle tekst gjennom levande biletet og musikk

Tekstskapingsoppdrag – del to

Samtalespørsmål: Kva har de lært sidan sist når det gjeld bruk av kameravinkel, fokus, biletutsnitt, tekstutdrag og musikkval? Har de fått idéar av dei samansette tekstane til medelevane dykker som de sjølv ønskjer å bruke når de skal formidle teksten?

Å visualisere den skriftlege teksten

Når de skal gjere den skriftlege teksten om til ein samansett tekst, er det viktig at de kan grunngje vala de tek, og bruke eit fagspråk i forklaringa dykkar.

Hjelpestørsmål som de kan bruke undervegs i utforminga av den samansette teksten:

- Kvifor har vi valt å setje saman dei ulike elementa (tekstutdrag, levande bilete, musikk) på denne måten?
- Kva slags verkemiddel har vi teke i bruk for å formidle forteljinga på ein best mogleg måte? Døme på faglege omgrep som de kan bruke i grunngjevinga, er: visuelle verkemiddel, auditive verkemiddel, språklege verkemiddel, visuelle/auditive/språklege element, biletutsnitt, kamerarørsle, biletvinkel, perspektiv, osb.

Presentasjon og medelevrespons

- Presenter dei samansette tekstane dykkar for resten av klassa, og forklar og grunngje dei ulike vala de har teke.
- Lat medelevane gje dykk tilbakemelding på **kva som fungerte godt med den samansette teksten**. Når de gjev kvarandre tilbakemelding, er det viktig at de brukar eit fagspråk, og at de grunngjev synspunkta dykkar.